



Dato: 19.10.2017

## Attest

NAV Fjell har samarbeida med Pitstop, sidan oppstarten av tiltaket, hausten 2016. Som tilsette i ungdomsteamet ved NAV Fjell ser vi at det er mange ungdommar som er for svake til å delta på arbeidsretta tiltak. Ungdommane har gjerne droppa ut av vidaregåande utdanning, og slit med låg sjølvkjensle. Vi har også fleire ungdommar som slit med rus og psykiatri, men som enda ikkje er ferdig utreda og har fått ei klar diagnose. Nokre er ikkje motiverte for behandling, medan andre har ikkje fått klarheit i kva behandling som kan vere den rette for dei.

Pitstop uttrykkjer at dei er eit tilbod, der ungdommane får moglegheit til å utvikle seg sjølve, før dei kan bli klare for arbeidsretta tiltak. Auke av sjølvmeistring og eigenmotivasjon står høgt i fokus ved Pitstop. Ungdommane får tid og rom til å utvikle sine interesser og å få ei heiltheitleg vurdering av sine ressursar og moglegheiter. Pitstop har dyktige ansatte og frivillige, som er med på å følgje den enkelte brukar tett opp. Brukarane har vekentlege samtalar med helsesøster, vernepleiar og sjukepleiarar, som arbeidar ved Pitstop. Der får dei luften «problema» og utfordringa dei måtte ha, slik dei slepp å gå åleine med desse kjenslene.

Dei tilsette ved Pitstop brukar tid på å kartleggje deltakaranes kunnskap, haldningar og ferdigheiter. Dei kartlegg både deira kognitive, emosjonelle, sosiale og praktiske ferdigheiter.

NAV Fjell har tilvist fleire deltakarar til Pitstop, som eit steg på vegen til å verta klar for arbeidsretta aktivitet. Deltakarane har i stor grad sett på Pitstop som å vere svært lystbetont. Fleire skryt av tiltaket, og meiner dei har vokse mykje på å vere der. Sjølvtillitten er betra, og dei er betre rusta for å kome seg ut i arbeidsretta aktivitet etter gjennomført tiltaksperiode på Pitstop.

---

### **NAV FJELL // ARBEIDS OG VELFERDSETATEN**

Postadresse: Postboks 143 // 5341 STRAUME

Besøksadresse : Fjell Rådhus, Foldnesvegen 1 // 5353 Straume  
Tel: 55 55 33 33 // Faks: 53 04 44 31

www.nav.no nav.fjell@nav.no

I frå oppstarten av Pitstop, kan tiltaket syne til følgjande resultat frå dei henviste deltakarane ved NAV Fjell (Sjå oversikt nedanfor):

**Deltakere fra NAV Fjell som  
har deltatt på PitStop i  
2016-2017**

Deltakere totalt 21

Deltakere pr idag 7

Deltakere ferdig 14

Gjennomsnittsalder 21

Antall gutter 52 %

Antall jenter 48 %

Tilbake i skole 14 %

I arbeid 43 %

Veien videre, uavklart 24 %

Arbeidstrening 7

Hjelpearbeider 1

Ringevikar 1

Tilrettelagt arbeid via A2G 1

Høgskole/universitet 1

Videregående 1

Med venleg helsing

Cecilie Skrede Høidal  
Rådgjevar  
NAV Fjell

Astrid Gjeraker Misje  
Prosjektleiar, Ungdomsteamet  
NAV Fjell

